

Kyrjeklokka

Nr. 4 - 2011

Kyrkeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

75. årgang

Flott jubileumsfest i Gildevang

Breidablik ungdomslag på Mindresunde runda 100 år i år, og feira dagen med stor fest og mange frammøtte i Gildevang i haust.



Ny bibel-omsetjing

Den nye bibel-omsetjinga kom ut i haust. Fleire omtalar den i ymse artiklar inne i bladet.



Oddny Torheim fortener meir enn ein blomsterkvast for sin innsats i soknerådet.

Uthaldande soknerådsleiar!

Møt Oddny Torheim, som har vore med i soknerådet i Utvik i 42 år. Mesteparten av tida har ho vore leiar. Ved valet i haust takka ho for seg.

Sjå side 8–9

Prosten grunnjev tildelinga av prisen.

Frivilleg-prisen til Elin Endal Åbrekk

Nordfjord Prostråd delte for første gong ut frivillegpris på kyrkjedag for Nordfjord. Denne gjekk til Elin Endal Åbrekk for langvarig innsats som korleiar i Olden. Les meir om Elin og prisen på side 13.



Kyrkjedamer

Trusopplæringa har stort fokus i kyrkjelydane våre. Møt den ferskaste av kyrkjelydspedagogane, Heidi Skålid Amundsen. Ho fortel også ein del om kva oppgåver som høyrer inn under trusopplæringa.

Side 7



Julehelsing

Alle dei tilsette i kyrkja i Stryn, Innvik og Hornindal prestegjeld, vil saman med redaksjonen i Kyrjeklokka ønske lesarane ei velsigna julehøgtid, og eit riktig godt nyttår!

Takk for frivilleg teneste i mange samanhengar gjennom året. Og takk for det de har sendt inn av stoff og bilete til Kyrjeklokka gjennom året. Det blir trong for nytt stoff neste år, så det er fint om de tek bilete og skriv om aktivitetar i kyrkjelydane.

Guds ord og Guds kroppsvarme

Biskop Halvor Nordhaug si juleandakt til kyrkjeblada 2011

Det er ikkje alltid sant at "taushet er gull". Nokre gonger kan det vere øydeleggjande å ikkje seie noko. Dersom det lenge blir stille mellom to vener, er som regel vennskapen i krise. Og dersom nokon vi er glade i knip munnen saman, tenkjer vi fort at noko er gale. Kjærleiken treng ord, gode ord.

I jula feirar vi at Ordet frå Gud er kome til oss. Gud har noko på hjarta, han vil oss noko. I Maria si livmor skjedde det at "Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss." (Joh 1,14). Gud grip ordet og han gjer det gjennom snikkarsonen Jesus frå Nasaret. Slik Jesus er, slik er Gud.

Gud knip ikkje igjen munnen. Vi treng ikkje lure på kva han tenkjer om oss, men kan høyre kva Jesus seier: "For så elska Gud verda at han gav Son sin, den ein-



Halvor Nordhaug, Biskop i Bjørgvin

borne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv."

Jesus går ikkje lenger rundt slik at vi kan sjå og høyre han. Men han er hos oss framleis, og ordet hans er nær kvar og ein av oss i Bibelen. Ja, det går faktisk an å seie at orda hans no er komne oss enda nærare. I år har vi nemleg fått ei ny bibelomsetjing. Det er ei stor og gledeleg hending. La denne boka bli årets julegåve!

Det kan vere vanskeleg når kjende og kjære bibelord blir omsette på nye måtar. Då den fyrste nynorskbibelen kom i 1921, skal det visstnok ha vore ein eldre mann som sa: "Er det ikkje lenger godt nok at Skrifta er på det språket Meisteren sjølv tala?"

Guds ord må likevel stadig omsetjast på nytt, dersom det skal kome nær oss og røre ved oss. Språket vårt er heile tida i endring. Ord som tidlegare kunne fungere, gjer det ikkje lenger. Medan det eksempelvis tidlegare stod om kyrkja at den var Kristi "lekam" (1 Kor 12), står det no at den er Kristi "kropp". Dette er kanskje den viktigaste endringa i den nye omsetjinga. Mens "lekam" er noko daudt og abstrakt i øyro våre, er kroppen levande kjøt og blod.

Når kyrkja blir Kristi "kropp" blir linja trekt endå klarare til jula. Slik Jesus var ein fysisk og levande kropp som møtte menneske sine kroppslege behov, skal også vi i kyrkja vere eit fellesskap der menneske kan kome med heile livet sitt og kjenne noko av Guds eigen kroppsvarme. Måtte mange menneske i Bjørgvin få oppleve kyrkja på denne måten!

Eg ønskjer dykk alle ei glad og signa jul!

Haustattkegudsteneste i Utvik

Ein sjeldan flott oktoBERSøNDag i Utvik. Sola skein frå klår himmel. Inne i kyrkja var det bokstaveleg duka for haustattkefest, med grøn duk framfor alteret.

Gudstenesta starta med prosesjon av dåpsbarnet med følgje. Deretter kom dei større borna med kvar si korg med markens grøde: eple, gulrot, pærer, gresskar osv.

Ei stor oppleving var barnekoret under leiing av Edit Kårstad. Dei song seg inn i hjarto til alle frammøtte.

Eit av høgdepunkta var då soknerådsformannen les opp innsetjingsbrevet frå biskopen til kyrkjelydspedagogen Heidi Amundsen. Heidi



4-åringar har fått bok.



Haustattkegudsteneste i Utvik.

delte også ut 4-årsboka, og heldt preika. Ein gjekk berika heim denne søndagen.

Ein fekk bekrefte at vi har levande kyrkjelydar i soknet. Her skjer så mykje bra!

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo



Borghild Skarelv.

Ny kyrkjeverje

Frå 1. februar går Svein Fritjof Rønne over i pensjonistane sine rekkjer. Innan den tid har han og den nye kyrkjeverja jobba ein månad ilag. Kyrjeklokka tok ein prat med den nye kyrkjeverja, slik at lesarane skal bli litt kjende med henne på førehand.

– *Litt fakta om deg sjølv.*

– Borghild Skarelv heiter eg og skal ta til i kyrkjeverjestillinga i Stryn 1. januar. Eg er opprinneleg telemarking, men har budd i Lom dei siste 18 åra. I Lom vart eg gift med ein gardbrukar og vi har drive med mjølk- og kjøtproduksjon på storfe.

Av utdanning tok eg noko som heitte

Praktisk kyrkjeleg studium i Volda etter vidaregåande og har tatt fleire fag medan eg har arbeidd her i Lom. Det siste eg har tatt er Verdibasert leiing som KA arrangerer. Vi fekk trusopplæringsmidler i 2007 saman med nabokommunen Skjåk. I 2008 hadde vi 850-års jubileum for stavkyrkja vår med mange arrangement gjennom heile året.

– *Kvifor søkte du på jobben som kyrkjeverje i Stryn?*

– Eg søkte stillinga i Stryn avdi det ikkje er langt frå Lom, og etter 18 år innanfor kyrkja i Lom trur eg det er sunt å flytte litt på seg for å lære av andre.

– *Kva ser du som dei største utfordringane i arbeidet som kyrkjeverje?*

– Det mest utfordrande med å vere kyrkjeverje tykkjer eg er å få ei best mogleg kyrkje ut frå dei ressursane ein har.

– *Kva har du jobba med før?*

– Før eg fekk arbeid i Lom arbeidde eg 2 år som kyrkjelydssekretær i Nesset kommune i Romsdalen, og har da og seinare trivst godt saman med vestlendingar.

– *Kva likar du best å gjere på fritida?*

– I fritida mi trivst eg ute på tur innanlands og utanlands.

Tekst: Anna Marie S. Vatnamo

Foto: Privat.



På tur opp mot Skåla i august i år.

Den nye bibeloversetjinga har kome ut

Det Norske Bibelselskap har som mål å gje ut ny bibel om lag kvart 30. år. Dette gjer dei fordi språket vårt utviklar seg heile tida. Det er viktig for folk å få lese Bibelen på hjartespråket. Den utgåva som kom i 1978 hadde ein del uttrykk som sjølv då var gammaldagse. Mødd tyder for eksempel sliten eller utmatta og nyttast sjeldan av vaksne folk.

Bibelselskapet vil at språket skal vere folkeleg, samtidig som det er skal vere nært opp til den greske og hebraiske teksten. Dei har i denne oversetjinga nytta færre ord enn i den gamle oversetjinga.

Det er eit ord mange vil lure litt på: Kvifor skifte ut Fader vår med Vår Far? Jesus brukte eit heilt vanleg ord for Far. Fader, Faderen er eit gammalt norsk ord som ikkje har vore i dagleg bruk på svært lenge. Det er eit stivna eller arkaisk uttrykk som vi ikkje nyttar i andre enn religiøse samanhengar. Det er eit ord som har blitt hengande igjen fordi vi kanskje har hatt problem med å nytte daglegdagse ord om Gud. Oversetjinga er meir folkeleg. Og så



Den nye bibelomsetjinga

er det vanskeleg å lære ein heil nasjon å be på ein ny måte. Frå Romarane 8,15 veit vi at dei første kristne brukte ordet for pappa som bønnerop. Det er det greske ordet åbba som er nytta der og det høyrer vi er svært likt vårt pappa. Bibelselskapet ynskjer å oversetje til eit språk som er nært og folkeleg. Det får bli ei anna sak når vi skal lære oss å bruke den nye oversetjinga

i kyrkja og til personleg bruk. Helst skulle vi vel starta så fort som mogleg.

Ei anna sak folk har vore opptatt av, er saka om ordet jomfru eller møy skal vere med i omsetjinga. Det har aldri vore tvil om at den greske teksten har brukt ordet jomfru. Det oversetjarane har lurt litt på er om det hebraiske (jødiske) ordet amalah skulle tyde kun ung jente eller også jomfru. At Maria vert framstilt som jomfru har dei aldri tvila på. Difor beheld ein det greske ordet som tyder jomfru.

Bibelselskapet har jobba i 11 år for å få oversett Bibelen til moderne norsk og det har vore eit økonomisk løft. Det har vore ein lang og viktig prosess og håpet er at mange kan få lese Bibelen på eit nytt og friskare språk som formidlar Bibelen sine forteljingar på ein ny og levande måte. Vi håper at mange vil få eit nytt og godt forhold til Bibelen gjennom den nye oversetjinga. Kanskje kan du gje Bibelen i julegåve til ein av dine næraste?

Tekst: Trond Lilleheim

”Deltaking og tilhørigheit”

Torsdag 20. oktober var det tilskipa eit kurs på ”Kyrkjetunet” på Eid, med hovudtema: ”Deltaking og tilhørigheit”. Målet med kurset var å setje fokus på ”Retten til trus- og livssynsutøving” i forhold til menneske med omfattande hjelpebehov. Eit spørsmål som då vart reist var: ”Kva gjer kommunane og kyrkja”?

Dei som var innleiarar denne kursdagen var: Kari Krogh, kommunalsjef i Eid, Ragna Haaland, avdelingsleiar i Selje, Rønnaug Stuggard, nestleiar i NFU, Kristen Hundeide, kyrkjeverje i Eid, Leif Arne Økland, rådgjevar i Bjørgvin og prost Rolf Schanke Eikum.

Etter at dei einskilde innleiarane hadde sagt sitt, vart deltakarane i salen sette i grupper kommunevis. Til slutt var det oppsummering i plenum.

Grunnlaget for ein slik kursdag ligg i eit rundskriv frå Helse og Omsorgsdepartementet, som utfordrar til samarbeid mellom kommunane og trus- og livssynssamfunn. Hovudspørsmålet som alle deltakarane var inn på, var dette: ”Legg kommune og kyrkja til rette for at menneske med ulike former for funksjonsnedsetjingar faktisk får delta?”

Summen av inntrykka til innleiarane var at både kommune og kyrkja har gjort ein

del for å betre tilhøva for dei som har ulike funksjonsnedsetjingar, men at ein har langt igjen før ein kan seie seg nøgd.

Ein etterlyser at samarbeidet mellom helseinstitusjonane og kyrkja kunne ha vore betre. Frå kyrkja si side har ein dei seinare åra lagt kyrkjene betre til rette for rullestolbrukarar, både det å kome inn og ut av kyrkjene og det med handikaptalett. Dette har betra seg dei seinare åra

I ein del kommunar har ein og frå kyrkjeleg hald, tilskipa ulike gudstenester i ulike sokn, med særskild tilrettelegging for funksjonshemma, som mellom anna i Stryn og Hornindal og i Gloppen. Ein DVD om dette frå Gloppen, frå Arbeidskyrkja, vart vist på kurset.

I 2012 vil ein og i Stryn kommune prøve å få til ei gudsteneste som særskild er tilrettelagd for funksjonshemma.

Det vart etterlyst at ein kunne ha møter mellom prestar og leiinga på t.d. omsorgs-sentera, med leiarar frå helsesektoren i kommuneleiinga, og drøfte korleis ein kan legge tihøva betre til rette for dei som har funksjonsnedsetjingar. Korleis kan dei ulike avdelingane på omsorgsentera og andre helseinstitusjonar, verte flinkare til å få med seg bebuarane på ulike tilskipingar, som t.d. andakter. Ein vil i Stryn kommune, i 2012, prøve å få til slike møte med

prestar, avdelingsleiarar og t.d. sosialsjefen.

Når det gjeld det å få bebuarane med på andakter, vart det frå helsesektoren hevda at det i ulike tilhøve kan vere spørsmål om kor mange pleiarar som er på jobb og arbeidssituasjonen deira. Frå kyrkjeleg hald vart det hevda at ein trur det kan ha noko med interessa til dei ulike pleiarane, når det gjeld det å få med seg bebuarar dit det er andakter.

Så var det dette med å ikkje skulle ”pådytte” bebuarar livshaldningar, eller spørje om dei ynskjer å ha nattverd. Ein del pleiarar vegrar seg litt for å spørje om dette. Det gjer og prestar som går rundt på dei ulike avdelingane. Så her er vi alle litt for forsiktige med å spørje bebuarar, om slike personlege spørsmål.

Som ein konklusjon på denne temadagen, så var ein tífreds med at dette temaet om samarbeid mellom kommunane og trus- og livssynssamfunn, med vekt på dei funksjonshemma, vart teke opp i prostiet. Men det er på lokalplanet i dei enkelte kommunane, at desse spørsmåla må drøftast og løysast.

Tekst: Harald Runde

Nye sokneråd

Dei nye sokneråda har no konstituert seg, og sjølv om vi hadde liste over alle som vart innvalde i førre nummer av bladet, kjem her lista over leiar/nestleiar og medlemar m/vara i fellesrådet.

Hornindal

Leiar: Ole Andre Dahl
oledahl2@online.no
Nestleiar: Marte Kristi Utvær
martekristi@hotmail.no

Randabygda

Leiar: Reidar Magne Sørland,
rsorland@online.no
Nestleiar: Elisabeth Strøm
elst3@online.no;
elstr@mattilsynet.no

Nordsida

Leiar: Rune Berglid,
rune.berglid@enivest.net
Nestleiar: Grete-Elin Roset
grete_elin@hotmail.com

Oppstryn

Leiar: Berta Margrete Urke Berge
habe3@frisurf.no
Nestleiar: Øyvind Flo-Thorsdal

Nedstryn

Leiar: Tore Bøe
tore.boe@vest.no
Nestleiar: Sigrid Paulsen

Loen

Leiar: Jorunn Solveig Tomasgaard
jstomasg@gmail.com
Nestleiar: Ingri Grov Kampf
ingri@alexandra.no

Olden

Leiar: Kari Synnøve Muri
kari.synnove.muri@enivest.net
Nestleiar: Møyfrid Sømme Kvamme
ms-kva@online.no

Innvik

Leiar: Ragnhild Vambeset
ragnhild.vambeset
@gs.stryn.kommune.no
Nestleiar: Dag Vanberg

Utvik

Leiar: Anne Karin Eriksen
averl@online.no
Nestleiar: Jorunn Skinlo Tisthamar

Stryn Kyrkjelege fellesråd m/vara blir etter valet sjåande slik ut:

Nordsida: Rune Berglid
Grete-Elin Roset
Randabygda: Reidar Magne Sørland
Elisabeth Strøm
Olden: Ottar Åbrekk
Oddrun Grodås
Innvik: Dag Vanberg
Ragnhild Vambeset
Utvik: Jorunn Skinlo Tisthamar
Rolf Erlend Valaker
Oppstryn: Kolbein Fridtun
Kolbein Kaspersen
Loen: Tone Lise Loen
Karin Magenbauer
Nedstryn: Alis Midlang Hunnes
Tor Guddal

Kyrkjeklokka

Bladet blir sendt til alle husstandar i Stryn og Hornindal kommunar.

Web: www.kyrkjeklokka.no

Redaktør for dette nummeret er: Rune Berglid, post@kyrkjeklokka.no

Forretningsfører/abonnement: John Selmer Skiftesvik, 6788 Olden, tlf. 57 87 33 85 john.skiftesvik@enivest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenten er frivillig.
Vi takkar for betaling og støtte.

Kontortider, telefon, epost

Måndag er sokneprestane sin fridag.

INNVIK prestekontor
Tlf. 57874123
Mobil 91184241
Sokneprest Harald Runde
Kontortid:
Tysdag, onsdag og fredag kl. 10-12
Privat 57874115
harald.runde@c2i.net

STRYN prestekontor
Tlf. 57874812
Mobil 91103134
Sokneprest Kjetil Netland
Privat 57871029
kjetil.netland@stryn.kommune.no

HORNINDAL prestekontor
Tlf. 57879833
Mobil 98204112
Vikarprest
Kontortid:
Måndag 8-15 og torsdag 9-13

KYRKJEVERJER
Stryn kommune
Svein Rønne
Tlf. 57874811 Mobil 91327882
svein.ronne@stryn.kommune.no

Hornindal kommune
Anne Lødemel Honningsvåg
Tlf. 57879834
Privat tlf. 57879653
Mobil 97084120
Måndag 8-15, torsdag 9-13
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no

Frå 1. søndag i advent:

Ny gudstenesteliturgi i kyrkjene våre

Liturgien for gudstenesta i kyrkjene våre vert fornya, og vi vil byrje på endringane frå 1. søndag i advent. Frå då av vil det vere ei kort innleiing med informasjon og eit halvt minutt med stillheit før gudstenesta tek til. Truvedkjenninga vert flytt til etter preika. Kyrkjebøna vert fornya, og vi vil gjerne gjere forbøna meir aktuell. Det vert ein del endringar i nattverdliturgien.

Eit viktig mål med revisjonen er å gje rom for at fleire enn prest, organist og klokkar medverkar under gudstenesta. Vi vil prøve å få fleire frå kyrkjelyden til å vere med å lese bønner og

bibeltekstar, og delta på andre måtar.

Alt materialet til den nye gudstenesta finn du på: www.kyrkja.no Og den lokale prøveordninga for Indre Nordfjord finn du på: www.stryn.kyrkja.no.

Det er laga mykje ny musikk til denne gudstenestereformen. Eit av framlegga vert presentert i Olden 14.-15. januar. Då kjem Tore W. Aas og lærer inn med oss den gudstenestemusikken han har laga. Tore W. Aas er dirigent for Oslo Gospel Choir, som har sunge inn denne gudstenestemusikken på CD-en "CREDO". Inntil sokneråda har gjort

anna vedtak, brukar vi den noverande gudstenestemusikken på vanlege gudstenester, og Tore W. Aas sin musikk når det er Ung Messe.

Meld deg på øvingsseminar i Olden 14.-15. januar. Sjå www.stryn.kyrkja.no for nærare opplysingar.

Og kom på gudstenesta i Olden kyrkje 15. januar kl 14.00, og på Ung Messe i Nedstryn kyrkje 2. juledag kl 20.00, så får du oppleve eit av framlegga til ny gudstenestemusikk.

Tekst: Kjetil Netland

Stell av gravstein

Gravsteinar treng vedlikehald. Førebygging er som regel det beste alternativet.

– Ein gravstein skal vere tilnærma vedlikehaldsfri i mange år. Problema oppstår ofte når folk gjer noko som påverkar gravsteinen, seier Willy J. Nergård frå Nergård Stenindustri på Eide i Møre og Romsdal. Dei har lang røynsle etter å ha produsert gravsteinar i meir enn 50 år.

Fakkel er fy

Fleire og fleire tenner ljøs på gravene. Det er ok så lenge ein brukar tilpassa lampar og gravljøs. Open flamme er verre, og faklar er slett ikkje bra.

– Sot, og sprut av olje og talg, trekkjer inn i porane i steinen. Det gir misfarging, åtvarar Nergård.

Slik misfarging er vanskeleg å fjerne. I verste fall må steinen slipast ned for å bli fin att.

Unngå ståltråd

Kransar bundne opp med ståltråd er eit anna faremoment. Ståltråden kan ruste. Den må derfor ikkje vere i direkte kontakt med gravsteinen. Som med sot og stearin, trengrer rust inn i porene til steinen med misfarging som resultat.

– Alt som kan ruste, er svineri for gravsteinen, slår Nergård fast.



Eit gravminne kan utstyrtast med ei plasthette, for å verne mot ver og vind. Namnet er her retusjert frå biletet.

Vask

Upolerte gravsteinar bør vaskast ein gong i året. Bruk ein kost, til dømes ein oppvaskkost, og vatn. Bruk aldri stålborste! Ein kan også bruke lett klorinvatn. Heile steinen kan vaskast, inkludert gravpynten. Bokstavane derimot, skal ein la vere i fred.

– Ein må vaske frå byrjinga av, før ein ser tendensane til mose og algevekst. Dersom dette får etablert seg, veks det inn i porene til gravsteinen og vert så godt som umogleg å verte kvitt, understrekar han.

Dette er sjølvsagt ikkje noko problem dersom ein ynskjer at gravsteinen skal eldast med mose og grønske.

Det er dei upolerte gravsteinane som krev mest stell. For dei polerte (blanke) gravsteinane, er det som regel nok å tørke med ein fuktig klut. Dei polerte gravsteinane tåler også syra i fugleskiten.

Tekst: Kjetil S. Grønnestad
Foto: Kjetil S. Grønnestad/Alf Bergin



Av Jon Ytrehorn

Tankar langs vegen ...



Ny bibelomsetjing – fornya bibelinteresse?

Ei ny bibelomsetjing er komen frå Det norske Bibelselskap: Bibel 2011. Store ressursar er brukte i arbeidet som har gått over mange år. Nokre spør: Er det nødvendig med ei ny bibelomsetjing no igjen? Kvifor må ein stadig forandre på ting? Det skaper berre problem å måtte forandre kjende bibelord som vi har lært utanåt!

Då kan det vere greitt å høyre kva dei som har stått for bibelomsetjinga har lagt vekt på. Dei peikar på tre ting: For det første: Ynskjet om å kome nærmare grunnspråket i Bibelen: hebraisk i Det gamle testamentet (GT) og gresk i Det nye testamentet (NT). Forsking og funn har avdekka ting som gjer at setningar må omskrivast for å treffe betre. For det andre: Ynskjet om å gje større plass for bibelske bilete og bibelsk poesi. Særleg gjeld dette GT. For det tredje: Språket vårt forandrar seg raskare enn før. Ord og vendingar som ikkje lenger er i bruk tener på å bli bytta ut, ikkje minst for å kunne kommunisere betre med ungdom.

Det er ei imponerende breidde på gruppa som har vore knytt til arbeidet med bibelomsetjinga. Her finn vi m. a. forfattarane Karl Ove Knausgård og Hanne Ørstavik, lyrikaren Paal Helge Haugen, kyrkjemusikar og operasongar Ragnhild Bjelland, skodespelaren Svein Tindberg og språkkonsulent Sylfest Lomheim. 40 personar har vore knytt til omsetjingsarbeidet som konsulentar og omsetjarar. Arbeidet har gått over mange år og kosta fleire tals millionar kroner!

Det er spennande å lese ei ny bibelomsetjing. Ein finn ord og formuleringar som gjev aha-opplevingar og ny forståing. Ein

oppdagar vakker poesi og tankevekkjande biletbuk. Men like sikkert er det at ein opplever frustrasjonar. I ein artikkel annan stad i bladet omtalar Trond Lilleheim m. a. to endringar som har skapt reaksjonar: I

**” Det er ikkje Bibel-
utgåva frå 1938 som
er grunnteksten!**

juleevangeliet er Jomfru/møy bytta ut med Ung kvinne. Og bøna Fader vår er endra til Vår Far. Andre endringar som fleire stussar på – det gjeld nynorskutgåva – er t. d. at kyrkjelyd er bytta ut med forsamling og læresvein har blitt til disippel. Spennande skal det og bli å sjå korleis reaksjonane vert på Høgsonen i GT der den kroppslige kjærleiken har fått eit langt meir ope og direkte språk.

I landet vårt har det lenge vore ”politisk korrekt” å hevde at kristendom var ei privatsak og Bibelen ei bok for ”den indre kjerne”. Det førte m. a. til at i norske universitetsmiljø var det sett på som lite akademisk å interessere seg for bibelske tekstar. I Danmark har det vore annleis. Her har studentar i litteratur og språk lenge hatt både bibelske tekstar og salmelitteratur som deler av pensum. No anar vi ei endring også hos oss. Både innan film, teater, litteratur og kulturliv elles har tema med tilknytning til tru og religion, moral og verdier fått ein breiare plass. Eit godt døme på dette er Svein Tindberg som samlar fulle hus på Det norske teatret med sine framføringar av bibelske og religiøse tekstar. Først Markusevangeliet, så Apostelgjerningane og no ”Abrahams barn” som Riksteatret set opp i 2012 for å nå vidare ut.

Å omsetje Bibelen må vere blant dei mest vanskelege oppgåvene nokon kan gje seg i kast med!

Sylfest Lomheim seier at dette arbeidet var både av det mest interessante og mest krevjande han har vore bort i. Å kombinere dei tre sidene: truskap mot grunnteksten, vern om bibelsk poesi og biletbuk

og lett forståeleg språkføring kan knekkje nakken på nokon kvar! Derfor blir det og viktig at vi i den debatten som no vil og bør kome, har dette i tankane. Det er eit sunt teikn når folk vågar å gje uttrykk for sine meiningar. Men det blir lite truverdige når ein gjer seg opp bastante standpunkt berre ut frå lausrivne eksempel. Eit par døme: Dersom ein kritiserer den nye bibelomsetjinga fordi formuleringar ein er fortrulege med har blitt forandra, må ein ikkje skulde omsetjarane for å ha fjerna seg frå grunnteksten. Det er ikkje den norske bibelutgåva frå 1938 som er grunnteksten, som enkelte synest å meine! På den andre sida: Når somme klagar over at språket ikkje er kvardagsleg nok gløymer ein at Bibelen ikkje er eit tabloidskrift, men ei skriftsamling som og skal ta vare også på det poetisk høgverdige. Språket i Bibelen må ikkje forflatast for å bli folkeleg. Dei ulike stilartene i Bibelen gjer at bibelomsetjingar vil måtte gje rom både for ein Alf Prøysen og ei Halldis Moren Vesaas!

Gje den nye Bibelen som julegave til ein av dine nærmaste, skriv Trond Lilleheim i dagens Kyrkjeklokka. Det er eit godt forslag. Og les gjerne sjølv i den nye Bibelen. Spør etter den i den lokale bokhandelen, dei skaffar den gjerne. Aldri før har det kome ein Bibel som det ligg så mykje grundig arbeid bak. Aldri har det kome så mange ulike utgåver av Bibelen som no, ikkje berre i bokform, men også på nettet (NT). Bibelen er den mest selde og utbreidde bok i verda. Og la meg få leggje til: Evangeliet om Guds kjærleik mot oss i Jesus Kristus gjer Bibelen til boka med den største og viktigaste budskapet i verda!

No får eg lyst til å lese meir i Bibelen. For no er den lettare å forstå!

KONFIRMANT
I INDRE NORDEFJORD
OM DET NYE TESTAMENTET

Bibelen, no også på nettet:
Det nye testamentet finst også som
lydbok og på MP 3-filer.

GÅ INN PÅ WWW.BIBEL.NO

Kyrkjedamer ...

Barne- og ungdomsarbeidet har høg prioritet i kyrkja for tida.

Det er m.a. Heidi Skålid

Amundsen eit levande vitne på.

1. august starta ho som

kyrkjelydspedagog i full stilling i

Indre Nordfjord. I følgje teorien

skal ein pedagog vere både leiar, veg-
visar, oppdragar og lærar.



STØRST AV ALT

vore på Innvik fjordhotell no i haust. Då møter foreldre opp med sine små håpefulle sjarmtroll. Heidi har med seg eit stort mjukt teppe og nokre få utvalde leikar der dei små kan boltre seg. Sjølv brukar ho gita-
ren og syng songar i lag med born, foreldre og besteforeldre. Undervegs vert det også kaffi og frukt. Dei minste må nøye seg med oppvarma graut på glas, eller bryst frå mamma'n.

4- og 6-årsboka

Desse to bøkene er det tradisjon for å dele ut under enkelte gudstenester. No er kyrkjelydspedagogen også med på denne seremonien.

Tårnagentane

"Tårnagentane" er ei gruppe barn frå 8 år som skal vere med som detektivar/agentar. Dei skal utforske tårnet i kyrkja. Her er det mange gamle spennande ting å finne.

Lys vaken

"Lys vaken" er ein aktivitet for m.a. 11-åringar og oppover. Desse har med seg nokre få foreldre, sovepose og liggeunderlag. Kyrkjelyden sørgjer for oppvarma kyrkjerom, og mat og drikke, men ein må ikkje



Heidi Skålid Amundsen og Sigrun Reinhardtson.

gløyme noko av det viktigaste: her vert forkynt Guds ord. Song og musikk er også ein viktig del av innhaldet.

Sigrun Reinhardtson er også ei ung dame som er nokså ny som kyrkjelydspedagog. Ho vart tilsett i fjor, og tek seg primært av konfirmentarbeidet ilag med presten. Men også ho deltek i andre aktivitetar parallelt med Heidi.

Som vi veit, er også *Henny Koppen* kyrkjelydspedagog. Men ho spelar på endå fleire strengar. Ho kan også vere organist når det trengst.

Dette trekløveret med kyrkjelydspedagogar spelar ei viktig rolle i heile Indre Nordfjord. Vi må ikkje gløyme å ta dei med i våre bøner.

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo

Babysong

Eit av tiltaka er babysong frå 0-2 år. Ein gong i veka har dette arrangementet m.a.



Frå babysong i Innvik

Nattcup 2011

Natt til laurdag 5. november samla nærare 400 konfirmentar frå heile Nordfjord seg i Nordfjordhallen på Måløy. Då var det tida for nattcup! Konfirmentane var enten med på kvart sitt lag eller var med som heia-
gjeng. Det heile starta klokka sju på kvelden, og tolv timar etter vende vi nasen heimover

Det var ei natt med mykje innhald. Det



Band og forsongarar.



Fotballkamp.

var mykje moro frå scenen, midnattsmesse, konsert med Sightsing frå Stryn i tillegg til fotballturnering og kåring av beste heia-
gjeng.

Frå heimesida

Natta mellom 4. og 5. november var det nattcup for konfirmentar i Nordfjordhallen i Vågsøy. 370 konfirmentar møttest til fotballkampar, konsert og gudsteneste. I alt 120 av desse kom frå Stryn, Hornindal og Hellesylt. 10 foreldre og 3 leiarar var med, og skal ein tru stemningsrapportane gjekk

dette heilt fint. Fotballaga hadde meldt seg på med ulike, fantasifulle namn og stilte i tilhøyrande kostymer. Nabokatten IL frå Hornindal kom sjølvsagt på bana med fantasifull ansiktsmaling som fekk dei kampklare kattane til å sjå ut som nettopp det. Midt på natta var det gudsteneste ved ungdomsprest Lars Ljosland frå Nordfjordeid. Han hadde med seg Sight Sing frå Stryn, som heldt ut heile natta saman med dei fotballglade konfirmentane.

Tekst og foto: Heidi Amundsen
og Kjetil Netland

Uthaldande soknerådsleiar

Ein milepæl er nådd: Oddny Torheim (71) frå Utvik, har nok bortimot Norgesrekord i soknerådsengasjement. Kanskje finst det ingen som har vore lenger enn henne i soknerådet samanhengande. Men etter 42 år har ho no gått ut av soknerådet, og overlete roret til andre.

Oddny er ei typisk eldsjel. Ho var lærar heile sitt yrkesaktive liv. I tillegg til arbeidet som lærar og i soknerådet, er ho av dei som besøkjer einsame og eldre. Ho har ofte med seg ein pose gulrøter, litt syltetøy eller anna som ho har dyrka heime i hagen. Oddny ser andre menneske. Ho deltek i foreiningsliv og på Misjonshuset, og ho hjelper til der nokon treng ei hjelpande hand.

”Alle” i kyrkjeleg miljø kjenner Oddny. Difor er det naturleg at Kyrjeklokka snakkar litt med Oddny om dette engasjementet. Oddny ville helst ikkje ha noko snakk om dette, men vi har likevel fått ”lurt” oss til eit intervju.

– *Kvifor har du halde ut så lenge i Utvik sokneråd?*

– Fordi det har berika livet mitt. Eg har sett på det som ei oppgåve som eg har fått til å utføre. For mange år sidan var det ein møtekveld eg tykte var mislukka, så eg spurde Gud om eit konkret svar om eg skulle fortsetje. Då steig der fram tre ord i



Oddny leiar soknerådsmøte, slik ho har gjort så mange gonger før.



Oddny slik vi ofte har sett henne.

Mikaboka: ”Du skal så!” Barne- og sokneråds-arbeidet har såleis vore eit så-arbeid.

– *Kor lenge av denne tida har du vore leiar?*

– Eg vart vald inn hausten 1969 og starta som nestleiar. Etter valet i 1981 vart eg leiar og har hatt vervet til ut oktober i år, unnateke i 1995. Då arbeidde eg med eit prosjekt i høve etterutdanning og kunne ikkje ta på meg meir. Om det har vorte mange år, så er det ikkje meg å takke. Eg har fått god helse, pågangsmot og ulike nådegåver. Framfor mange val har eg sagt til nominasjonsnemnda at dei må prøve å finne ein annan.

– *Kva har du vore mest opptatt av i soknerådet?*

– Her ønskjer eg å svare med vi, då eg har vore berre ein av dei sju i soknerådet. Vi har prøvt å leggje til rette så den glade budskapet kunne verta forkynt. Vi har stilt spørsmålet: Korleis kan vi nå ut til fleire? Vi har laga mange innbydingar til barn og unge og foreldra deira. Vi har bedt inn til konfirmant- og kyrkjelyds-festar, konfirmantjubileum og friluftsgudstenester i tillegg til samlingane i kyrkja. Alltid har der stått Alle er velkomne! på plakatane, og det har vi meint.

Vi har sett det som viktig at ramma rundt samlingane skulle vere fin, god orden og pynting med blomster og lys.

Vi har laga tradisjonar som kan gå vi-

dare. Til 17. mai pyntar komiteen, til konfirmasjonen er det foreldra sitt ansvar og 1. søndag i februar er det kyrkjelydsfest med årsmøte der grendene på omgang tek ansvaret for maten.

Vi har gått aktivt inn for å skaffe kyrkja tekstilar i dei liturgiske fargane. Vi har samla inn pengar til piano, orgel og benkeputer m.m. Bygdefolket og El-verket og Bygdekvinnelaget har vore eineståande å gjø pengegåver.

Dei siste åra har vi prøvt å få fleire personar til å delta i gudstenesta t.d. som kyrkjevert eller tekstlesar. Det er godt at vi er kome i gong for i den nye liturgien er dette med. Arbeid og deltaking skapar tilhøyring og vekkjer ansvar.

– *Det er sikkert mykje som har forandra seg på alle desse åra. Kan du seie litt om noko av det som har endra seg mest?*

– Då trur eg at eg lyt nemne at dessverre har kyrkjesøknaden gått ned. For 40-50 år sidan gjekk fleire til kyrkja. No lyt det vere noko ekstra skal vi vere mange. At kyrkja vart eigen etat som tek seg av tilsetjingar, vedlikehald m.m. var ei viktig endring. På 80-talet var det vanskeleg å få tilsett gravarar. Då laut grendene ta arbeidet. Det var min jobb å finne folk til gravinga, og eg ordna med arbeidsrekningar. Ikkje hadde vi bårhus, og begravesesbyrå var ikkje vanleg. Eg fekk beskjed om dødsfall og gjekk til kyrkja for å låse opp og var

med og bar inn kista. Det var mine sambygdingar. Det vekte mange kjensler og førte til mange samtaler, og av og til vart eg spurd om å ha minnestund. No er all graving med maskin, som er til stor hjelp.

I 2005 fekk soknerådet vårt tilsett sekretær. Det avlasta leiaren mykje. Dei siste åra har trusopplæringa vore hovudsaka. Det krevst arbeidsinnsats og ikkje minst tiltak for å greie å skaffe nok midlar. Indre Nordfjord er heldige som har fått tilsett dyktige folk i stillingane som er oppretta.

– *Korleis kjennest det å slutte i soknerådet?*

– Litt vemodig. Eg har likt arbeidet. Det har vore lærerikt, utfordrande og krevande, men no såg eg det som rett å trekke meg tilbake. Eg har sagt at om eg slutta i soknerådet, så betyr ikkje det at eg slutta i kyrkja sitt arbeid. Eg kan framleis ta på meg oppgåver om nokon spør meg. Eg har møtt mange dyktige personar som eg har fått samarbeidd med både i soknet og vidare utover. Desse kjem eg til å sakne.

– *Har du noko du vil seie til andre om arbeidet i kyrkjelydane?*

– Planane som ein legg opp til, må vere realistiske, så ein maktar det om er sett opp. Samarbeid er viktig, og ein må ha respekt for kvarandre. Lytt til kvarandre! Planlegg i god tid, og fordel oppgåvene. Ingen kan alt, men alle kan noko. Hugs at kyrkja har ein livsviktig bodskap å formidle. Det kan gjerast gjennom ord, song, musikk, bilde og estetiske opplevingar og i omsorg og diakonalt arbeid.

Til slutt må eg få høve til å takke bygdefolket for tilliten dei har gjeve meg gjennom elleve val, og takk til alle som i desse periodane har sote i soknerådet! Vi har utført eit felles løft. Takk til tilsette for godt samarbeid! Og ikkje minst takk til Tor Holm og Harald Runde som har vore prestar i dei fleste av desse åra! De har gjeve meg ein tryggleik i arbeidet.

Tekst: Anna Marie S. Vatnamo
Foto: Geir-Ståle Vatnamo

Blå gåve

Blå Kors ønsker å gi barn og unge som vokser opp i familier med rusrelaterte problemer barndommen tilbake. Vi har tre tiltak rettet spesielt mot målgruppen:

- Barnas Stasjon. Forebyggende tiltak for barnefamilier som sliter med psykiske og/eller rusrelaterte problemer
- Ferietilbud for foreldre og barn fra hjem med rusproblemer
- Kompasset, terapeutisk tilbud for unge voksne som er barn av rusmisbrukere

Ved å kjøpe en Blå Gave (www.blagaver.no) til venner, familie eller deg selv, kan vi fortsette å hjelpe enda flere barn og unge.

Har dere spørsmål eller kommentarer vedrørende Blå Gaver eller Blå Kors kontakt oss gjerne på elin.arnes@blakors.no eller telefon 22 03 27 40.

Med vennlig hilsen
Elin Årnes
Markedskonsulent



Tankar etter 22. juli

I vekene etter 22. juli vart det sagt mange gode ord om medkjensle og støtte til dei som var direkte råka av terrorhand-lingane i regjeringskvartalet og på Utøya. Det vart halde mange gode markeringar der vi synte at vi som folk står saman med dei som miste ein av sine og dei som sit att med vonde minne.

No har det gått fire månadar. Det er gjerne tida mellom tre og seks månadar som er den tyngste i ein sorgprosess. Så det er no vi må syne at vi ikkje har gløymt dei.

Dette gjeld for alle som har mist nokon av sine, at vi vågar å snakke med dei om han eller ho som dei saknar. At vi ikkje berre snakkar med dei fyrste veka etter dødsfallet, men like mykje når det har gått tre månadar eller eit halvår.



Tekst: Kjetil Netland

Her er eit dikt som uttrykkjer dette:

DIKT FRA EN SØRGENDE MOR

NÅR DU TROR
at du vil skåne meg
ikke rippe opp i såret
være litt forsiktig.
Da sårer du meg
og skaper avstand.
Jeg hungrer etter ord og tegn
som viser at du forstår
hva som ligger bak mitt ytre.
Hele tiden.
Først når du viser at du forstår
kan jeg slippe gleden
og latteren fram.

Fra "Smerten – den ubudne gjest. Tanker i en sorgprosess" av Inger Marie Aase.
(Trykt med løyve frå forfattaren.)

Flott jubileumsfest i Gildevang

Breidablik ungdomslag på Mindresunde runda 100 år tidlegare i år og den 22. oktober vart jubileet feira med stor jubileumsfest i Gildevang. Leiar i laget, Petra Sunde, saman med Øystein Ørjasæter, losa oss gjennom eit interessant og gjevande festprogram. Kvelden starta med eit historisk attersyn på aktiviteten i laget og Petra fortalde levande frå lagshistoria.

Ho hadde brukt mykje tid på å lese gjennom alle dei gamle lagsprotokollane og teikna eit fint bilde av korleis tidlegare generasjonar slutta opp om laget og grunntanken om kristendom og norsksdom, som og går att i den flotte fana som stiftaren Wilhelm Kvalheim i si tid laga.

Det var imponerende, og tankevekkande, å høyre kor engasjerte og ivrige ungdommane i grenda var, og kva betydning laget og Gildevang-huset har hatt opp gjennom tidene. Vi fekk og glimt frå aktiviteten i laget frå seinare år og heilt fram i dag. No held KFUK-KFUM-speidarane i grenda til her ein kveld i veka, og elles er det den årlege



Petra leia festen og fortalde frå laget si historie framfor den vakre 100 år gamle fana.



Sentrale personar både på festen og i laget si historie. Frå v. Marie Garlid, Øystein Ørjasæter og Petra Sunde.

basaren som er det største arrangementet, og den skaffar og ein del midlar til drift og vedlikehald av huset.

Grenda ved Oppstrynsvatnet har og fostra fleire ordkunstnarar og festlyden vart gledde med opplesing, song og minne frå fleire av etterkomarane deira. Leif Skår, Ragnhild Skår Nesje og Helga Ladehaug var i mange år aktive bidragsytarar i laget sine samkomer, med forteljing, dikt, songar og prologar, og sistnemnde var og med og sette sitt preg på festkvelden.

Medlemmane i laget er ikkje mange, men fest kan dei lage! Midt i festen vart alle inviterte ned i matsalen i kjellaren, og der venta fint oppdekka bord og nydelege smørbrød og kaker og kaffi. Her fekk fleire høve til å kome med helsingar til jubilaranten.

Kvelden vart avrunda med endå ein programdel oppe i storsalen, først med ei lita konsertavdeling ved Frostscodekoret, deretter allsong og opplesing. Tidlegare kateket i Stryn, Jo Edvardsen, var invitert og hadde teke turen frå Fredrikstad i høve jubileet. Han avrunda kvelden med andakt, og fortalde også om den gode basarstemninga han har opplevd her. Bl.a. den gongen han kunne puste letta ut etter trekninga av ein rosa flanellsunderkjole. Han var berre eitt nummer frå å bli vinnaren!

Dyktige arrangørar, godt og variert program og god mat sørge for ein svært vellyukka 100-årsfest, og vi som fekk ta del rettar ein stor takk til jubilaranten for ein triveleg kveld i Gildevang!

Tekst: Tore Bøe

Foto: Jarle Hessevåg

Mariahelg 9.–11. mars 2012

For kvinner i alle aldrar!

Opp til 40 damer samlast på Alværa misjonssenter ved Lavik i Sogn til åndelig og sosialt fellesskap, kreativ utfalding, påfyll til kvardagane og gode måltid, alt saman i trivelege omgjevnader. Viktig på Maria-helga er også at ein ikkje er forplikta til å vere med på alle programpostar, men kan bruke tid til kvile eller stille stunder, dersom det er eit behov.

I skrivande stund er ikkje alle detaljar i programmet klare. Men vi er glade for

å fortelje at Sølvi Helen Hopland Aemmer kjem og held konsert laurdag. Ho har gjennom fleire år skrive eigne songar som er kjende og kjære for mange.

Det vert også seminar om Kristuskransen ved Beate Systad. Her får vi lære om kransen si utforming og funksjon, og den som vil får lage sin eigen krans.

Meir informasjon og påmelding på: 489 90 661 Set av datoen no!

Velkomen til Maria-helg!



Oddny under open himmel

Har du rom?



Vi er byrja å pynte til jul. Glitter og stas vert henta fram, og nytt vert kjøpt. Lys er tende – ikkje berre dei lilla i adventstaken, men mange, mange andre i fine stakar. Det er snart jul.

Den enkle hendinga som juleevangeliet fortel om, var ikkje i slike kår. Der var fattigdom og trøgt om plassen. Barnet kom ikkje til lysande tempel eller slott, berre stall og krubbe i eit ulukkeleg, herteke land. Den unge mora sveipte sitt første-fødde barn i klutar og heldt det inn til barmen sin. Barnet fekk sove i ei dyrekrubbe. Varmen av dyra var med og gav atmosfære i stallen, og kanskje nokre dyrelåtar braut stilla eller døyvde barnegråten.

Det var ikkje rom i herberget. Var der overfylt, eller var det slik at dei ikkje ønskte desse to inn i huset då dei såg tilstanden deira? har eg spurt meg sjølv. Svaret veit eg ikkje.

I vår velstand er mangt eit barnerom gjort i stand når det første barnet er i vente. Korga med pute og dyne og blon-deteppa ventar på det nyfødde barnet. Det har vore lengt og venting, og gleda er stor når fødselen er over. Vi må takke for at vi har det så godt. På same tid må vi sjå vidare ut i verda. Mange barn på jorda har ikkje meir enn ei "krubbe" å ligga i.

Har vi rom?

Eg har lese oppatt eit kjært stykke i ei 60 års gammal lesebok. Eg fortel det kort. Kanskje kan det lesast for eit barn, eller eit barn kan lese det sjølv.

Far og mor skulle til byen for å selja Snøgås. Olav og Brita var heime åleine. Olav var 10 år og Brita berre 8. "Vår Herre vere med dykk born! Steng døra når det vert mørkt!" var avskjedsorda frå foreldra. Det vart kveld. Brita tok til å dekke på bordet. Så seier Olav: "Eg ønskjer at Jesus kjem til oss i kveld!" "Ja, tenk om han kom", sa Brita. "Eg set på bordet til tre." Dei hadde lært mykje om Jesus og visste at han kunne kome om døra var stengd. Barna bad: "Kjære, gode Jesus, far og mor er i byen, vi er åleine heime. Kom til oss i kveld og et med oss!"

Dei venta og venta. Dei høyrde forskjellige lydar, men det var berre grannehundden som gøydd, og kulden som laga lydar i husveggen. Med eitt høyrde dei det banka forsiktig på døra. "Lat opp du Olav! Eg trur eg vert redd", sa Brita. Olav let opp døra, men det var ikkje Jesus. Det var ein liten fattig gut som fraus. "Eg veit ikkje om eg torer å sleppe deg inn for vi er åleine heime," sa Olav. "Å lat meg få varma meg ei lita stund", bad guten som var frosen. "Lat han koma inn. Vi har mat til tre. Kan hende Jesus ikkje har tid til å kome i

kveld," sa Brita. Då dei sat ved bordet, såg Brita på han då han delte opp skiver. Ho

visste at læresveinane kjende Jesus då han braut brødet med dei. Den fattige guten var som før. Inga gullkrone strålte kring panna hans.

Barna vart gode vener, og dei viste han leikane sine. Dei laga til seng til han, og dei bad kveldsbøna si med han. Seint på kvelden kom foreldra heim. Barna vakna og let opp døra og fortalde at dei hadde bede Jesus koma, men det kom ikkje andre enn ein fattig gut som låg og sov. "Ja", sa mora. "Då har de teke imot Frelsaren sjølv, for han har sagt: Det de gjorde mot ein av desse minste brørne mine det gjorde de mot meg."

Å vere klar betyr mykje.

Å vere i stand til å vente betyr meir.

Å passe det rette augeblikket betyr alt.

Lat Jesus få rom!

God adventstid og julehelg!

Frå utdeling av 6-års-bok i Loen



Frå venstre: Pernille Alette Fløtre, Elise Torsheim Nystøyl, Mathias Loen, Elise Brattaker Loen og Mathilde Garlid Tenden. Foto: Jan Endre Fløtre

Ragnhild Auflem til minne

Ho var stillfarande og pliktoppfyllande, og gjekk inn i lønnkammeret når ho skulle be. Ragnhild Auflem i Olden var ein kvardagskristen:

Vandra som misjonær frå heim til heim for å selje julehefte, strikka dukar og løparar til basarar og som gåve til kjende og ukjende menneske. Fyrte trufast i ovnen og kveikte lys i det gamle bedehuset Solvang, og kveikte seinare lys også i det nye bedehuset –

lys som også spreidde seg til det indre livet.

Ragnhild såg på seg sjølv som "ein av mine minste små", men ho var mellom dei største i Guds rike – med eit venleg ord og eit varmt smil til alle ho hadde rundt seg.

Ragnhild døydd 26. september i år, i ein alder av 85 år. Mange hugsar ho med stor takksemd.

GN

Min salme

Å bli utfordra til å presentere "min salme" vart vanskelegare enn eg hadde sett for meg. Å velje berre éin salme er nesten heilt umuleg for meg som er så glad i ulike salmar og sangar og som kan mange 100 tekstar utanav. Kva salme som er "min salme" endrar seg etter livssituasjon og humør så det var ikkje heilt enkelt å finne ut kva eg skulle presentere.

For meg er lovsongen svært sentral så eg tenkte først at eg skulle finne ein av dei lovsongane eg er så glad i. "I love you Lord, and I lift my voice. To worship you, all my soul, rejoice..."

Den keltiske musikken er eg også svært glad i, og her er det mange salmar eg kunne presentert – kanskje spesielt "Vi ser Gud er god, han er her når vi synger, han gir liv lek og latter, himmelrikets skjulte skatter, og vi ser Gud er god".

Sidan vi er i desember kunne eg valt ein julesalme eg er så glad i – så glad i at eg oversette den frå svensk til nynorsk for å lettare kunne synge den med hjartet. "Er du ein av tusen små, er du Han dei ventar på, du, mitt vesle barn, ein engel ga deg namn..."

Men etter alle hendingane i sommar og



haust på nasjonalt, lokalt og personleg plan vart valet heilt annleis enn det elles ville blitt. I 2007 kom Sigvart Dagsland med ei plate med tittelsongen "Forandring – bare ordet stanser pusten", og på denne plata er det ein song som heiter "Klagesang", og sjølv om denne songen ikkje er "Min salme" til alle tider og i alle samanhengar, har den likevel eit innhald som kan passe med jamne mellomrom.

Det er noko med at menneskelivet ikkje alltid "går på skinner". Vi møter utfordringar både på personleg og på samfunns-messig plan. I sommar og haust har det "skjedd mykje" seier folk. Nære vener og naboar har mist familiemedlemmer i stygge ulukker og vonde sjukdomar. Nasjonalt har vi vore vitne til ubegripelege tragediar, og både lokalt og nasjonalt har flaum og ras gjort stor skade når kalende-

ren viste at det skulle vore varm og doven sommar. Også vi har opplevd skakande hendingar i nær familie. Vi er mange som har blitt ramma av vonde ting i sommar, anten direkte eller indirekte, meir eller mindre nært oss sjølv.

For meg vert difor "Klagesang" den rette "min salme" denne gongen. For meg er det viktig å få formidla at Gud elskar oss og ynskjer oss alt godt. Han set stor pris på lovsong, og for oss som menneske kan lovsongen vere med å fornye vårt forhold til Gud. Men Gud tåler også å høyre klagesong frå oss, når livet går oss imot. Gud tek ikkje vekk kjærleiken sin frå oss om vi klagar! Når det vi kjempar med nesten er for tungt å bere, då kan vi klage – også til Gud. I Bibelen er det jo ei heil bok som heiter Klagesongane! Og mellom anna Salme 38 i Bibelen er ei lang klage, sjølv om overskrifta er "Bøn i sjukdom og naud". Så det er lov å klage når livet er vanskeleg!

Songen "Klagesang" handlar kanskje mest om ein person som har vore sterk, og som folk har sett opp til, som har kome inn i ein depresjon, men eg trur at mange som har det tungt kan kjenne seg igjen i teksten, og saman med tonen til Sigvart treff sangen meg sterkt i tunge periodar. (Har du tilgang på Internett kan du finne og lytte til sangen på

<http://www.myspace.com/sigvardtdagsland>).

Eg har faktisk lurt på om vi ikkje skulle lage ei "klagegudsteneste" ein gong med utgangspunkt i denne sangen, men det får bli eit anna år...

Hege Heggheim Ulvedal

Eg har utfordra Marit Sandnes Skrede til å skrive om "Min salme" neste gang.

Klagesang

Gatelangs ein kald november
Burde huske før eg gløkke
Ka som førte te at alt blei sånn
Mørke lukke seg om kring meg
der eg går...

Kem kan sei kor allting gikk så galt
Eg sto så støtt der andre falt
Men det va dengang – ikkje nå
Tidevannet ber ikkje om lov – det snur

Men eg kan ikkje ha det sånn
Ingen skulle hatt det sånn

Alltid har eg gått med heva blikk
Nå må eg klamra meg te bønn

Klagesang
Klagesang

Så lett å søke trøst hos noken
La ein annen gi deg roen
Men denne gangen må eg gjør det sjølv
Mørket lukker seg omkring meg
der eg går...

Men eg kan ikkje ha det sånn
Ingen skulle hatt det sånn
Alltid har eg gått med heva blikk
Nå må eg klamra meg te bønn

Klagesang
Klagesang
Klage....
Klage....
Klagesang
(ambulansesirene i bakgrunnen)
Hør min klagesang.

SIGVART DAGSLAND / MIKE MC GURK

Frivillegprisen til Elin Endal Åbrekk

På kyrkjedag for Nordfjord fekk Elin Endal Åbrekk frå Olden, tildelt Nordfjord Prostiråd sin frivillegpris. Det er første gongen denne prisen blir delt ut. Nordfjord prostiråd har vedteke å dele ut ein frivilligpris til nokon som har utmerka seg i det frivillige kristne arbeidet i Nordfjord prosti. Sokneråd, lag og organisasjonar og einskildpersonar hadde høve å kome med framlegg til kandidatar. Prostirådet fekk inn 16 sterke kandidatar frå heile Nordfjord som alle hadde vore verdige til frivilligprisen. Men berre ein kan få den. Her er prostirådet si grunngjeving for at Elin fekk prisen.

Prisvinnaren fekk tidleg leiaransvar i kristent frivillig arbeid. I ungdomsskuletida starta prisvinnaren opp med barnegospel i heimbygda. Då prisvinnaren måtte bu vekke for å gå vidaregåande, vart øvingane lagt til helgane. I studietida i Volda reiste prisvinnaren heim mange helgar for å vere med i korarbeidet. I tillegg var prisvinnaren aktiv med i det kristne studentlagsarbeidet.

I 1986 flytte prisvinnaren til Olden. Der tok ho over barnekoret og leiar dette koret framleis. I dag har arbeidet vakse til 3 kor: OLDEN BARNEKOR, OLDEN SOUL CHILDREN og OLDEN SOUL TEENS. I periodar har ca. 80 born og unge vore med i kora samstundes. Fleire hundre born og unge frå Olden, Oldedalen, Loen og Innvik har vore med i eitt, eller fleire av desse kora. Dei deltek på fleire gudstenester i året, og er ein vesentleg del av trusopplæringsarbeidet. Prisvinnaren står som ansvarleg leiar i alle tre kora, men har med seg dyktige team. Det er flott å sjå at korskongarar som "går gradene" i kora, får leiaroppgåver og medansvar t.d. som dirigentar. I soul-teens er det f.t. to konfirmanter som er dirigentar, medan prisvinnaren er ansvarleg leiar og musikalsk støtte på øvingane. Dette er resultat av prisvinnaren sitt medvite arbeid med rekruttering og leiaropplæring.

Gjennom konsertar, korkveldar og korkafe har dei spreidd glede, engasjement og entusiasme gjennom friske evangeliske songar.

I tillegg har prisvinnaren vore medlem i Olden sokneråd i 8 år, 2 av åra som soknerådsleiar. Ho har og hatt ansvar for gudstenesteutvalet og for musikkutvalet.



Billetekst: Prisvinnaren flankert av leiar i Prostirådet, Roar Halsør og prost Rolf Schanke Eikum.

Elin er ein verdig representant for alle dei frivillige medarbeidarane som er med i det kristne arbeidet i kyrkjelydar og kristne organisasjonar rundt om i Nordfjord prosti.

Kyrkja er heilt avhengig av det frivillige arbeidet. Ved å gje denne prisen, så ynskjer vi både å oppmuntre til og takke for alt frivillig kristent arbeid som vert drive rundt om i kyrkjelydane.

Og Elin har sjølv sagt at det gjev henne så mykje å få sjå glede og entusiasmen til borna og dei unge og det å få vere med å

formidle ei trygg og glad kristen tru har vore viktig for henne.

Prisen er ein diplom laga av kunstnaren Kjell Stig Amdam i Selje:

Motivet er henta frå Jesus som den gode hyrdingen - Jesus som tek seg av den eine. Og det er han som vil hente den einskilde inn til seg, til tryggleik, til mat og kvild, til frelsa. Så skal vi få vere hans medarbeidarar i tillit til at Han er med oss overalt og alltid. Og det er Han som berer!

Tekst: Rolf Schanke Eikum

VINTERTREFF

FØRDE // 2012

10.-12 februar arrangerer vi Vintertreff på Solvang FHS i Førde, for ungdommar mellom 13 og 19 år. På programmet står mellom anna innebandyturnering, konsert med Ten Sing Norway og mange spennande seminar!

Bli med på Vintertreff, og få ei helg heilt utanom det vanlege!

10-12.
februar



TEN SING NORWAY KJEM!
KJEM DU?




gå inn på www.kfuk-kfum.no/sfj for meir info





Slekt
skal følgje
slekters
gang

**Opstryn****Døypte:**

- 28/8 Liam Roksvåg. For. Anita Polyakova og Tom Roksvåg
16/10 Markus Nesje. For. Marita Ulvedal og Håvard Johan Nesje
16/10 Victoria Guddal Breidablik. For. Vivian Guddal og Ivar Breidablik
6/11 Erik-August Flo-Thorsdal. For. Anne Lene og Øyvind Flo-Thorsdal

Vigde:

- 27/8 Ragnhild Lien og Kristian Mellem

Døde:

- 5/9 Per Birger Flo f. 1940
31/10 Anders R. Guddal Dy f. 1986

Nedstryn**Døypte:**

- 11/9 Nikolai Gundersen Sunde. For. Malin Gundersen Sunde og Vidar Sunde
11/9 Nathalie Rustøen Walaker. For. Hanne Elida Rustøen og Erlend Walaker
25/9 Mats Eikenes Tjellaug. For. Bodil Annette Eikenes Tjellaug og Jon-Terje Tjellaug
25/9 Lovise Blakset. For. Ann-Helen Blakset og Lars Guddal
25/9 Ludvig Loen. For. Anna Malin Carlsson og Endre Loen
9/10 Mia Kristine Berstad Breidablik. For. Renate Krogh Berstad og Per Breidablik
9/10 Jenny Holien Aabrekk. For. Kristin Holien og Arve Aabrekk
9/10 Elise Olsen. For. Heidi Kjersheim og Geir Olav Olsen
30/10 Pia Oline Gjørven Ansok. For. Anne Ingrid Gjørven og Jan Are Ansok
30/10 Linnea Sylte Røyset. For. Margit-Iren Sylte og Øyvind Andre Røyset
30/10 Michelle Vinsrygg. For. Kathrine Bennes og Geir Ove Vinsrygg

Døde:

- 5/9 Svanhild Halsteinslid f. 1933. Gravlagd på Eid
16/9 Eli Kristine Lunde f. 1948

Loen**Døypte:**

- 4/9 Simon Sønsterudbråten. For. Monica C. Angell Sønsterudbråten og Stian Sønsterudbråten
4/9 June Lindvik Aaning. For. Wenche Lindvik Aaning og Arve Aaning
23/10 Noah Bruland Sandbakk. For. Martine Elizabeth Bruland og Jan Erik Sandbakk

Vigde:

- 1/10 Berit Ryste og Jonny Lausund

Utvik**Døypte:**

- 28/11–10 Emma Louise Rafsol-Myklebust. For.: André Rafsol og Eirin Myklebust
07/08–11 Trygve Skarstein Becht. For.: Axel Becht og Olaug Skarstein
04/09–11 Ruben Sørland. For.: Robin Sørland og Jenny Sevrine Veiteberg
04/09–11 Viktorija Grindvalde Varpe. For.: Ivar Varpe og Kristine Grinvalde
02/10–11 Vilde Skrede Skutle. For.: André Helle Skutle og Malin Skrede

Vigde:

- 09/07 Per Henrik Bruland og Torhild Sjursen

Døde:

- 10/10 Ingeborg Rauset, f. 1915
26/10 Jens Tisthamar, f. 1924

Innvik**Døypte:**

- 17/07 Aurora Koblichke. For.: Hans-Joachim Koblichke og Hanne Koblichke
16/10 Emma Aaning Verlo. For.: Rolf Jonny Verlo og Anita Valaker Aaning

Vigde:

- 08/10 Atle Reme og Tone Barnung

Døde:

- 27/09 Knut Olav Moe, (gravlagd i Arna) f. 1946
25/10 Arne O. Hegdal, f. 1926
31/10 Bård Ove Mardal, (gravlagd i Gimmestad) f.1943

Olden**Døde:**

- 01/09 Kjell Moen Muri, f. 1965
05/09 Aslaug Johanne Gytri, f. 1937
22/09 Karl Johan Bakken, f. 1927
26/09 Ragnhild Auflem, f. 1926
27/09 Rasmus Aabrekk, f. 1917

Hornindal**Døypte:**

- 2/10 Liva Marie Utvær Nesdal. For. Marte Kristi Utvær og Arve Løvlid Nesdal
2/10 Jakob Løddøen Uthus. For. Oddhild Birgitte Hamre Løddøen og Jan Christer Uthus
23/10 Tarald Hjellbakk Westby. For. Gro Anita Hjellbakk og Olaf Petter Westby
23/10 Emma Grothaug. For. Lillian Dorthe Torheim og Edvin André Grothaug Haugen

Døde:

- 23/8 Audun Inge Rognes f. 1930
4/9 Reidar Kongsjord Lødemel f. 1950
10/11 Rolf Olav Haugen f. 1924

Nordsida:**Døypte:**

- 25/9 Milena Petrine Hidalgo. For. Anita Karin Myklebust og Jorge Hidalgo Garcia
15/10 Anette Steinsåker og Bernt Ragnvald Veddegjerde

Døde:

- 2/9 Klara Bergset f. 1915
8/11 Jarle Oddbjørn Myklebust f. 1939

Ingen afrikanar har klokke,
men alle har tid.
Alle europearar har klokke,
men ingen har tid.



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje er du velkomen i nabokyrkja

26. november; laurdag
Betania, Stryn 10:00 Julemesse

27. november; 1. s i advent – Jes 61,1-3
Nedstryn 11:00 LysVaken gudsteneste
Olden 11:00 LysVaken gudsteneste
Nordsida 11:00 LysVaken gudsteneste for Randabygd og Nordsida
Hornindal 20:00 Lysmesse for Randabygd, Nordsida og Hornindal
Innvik 16:00 Tårnagentgudsteneste

04. desember; 2. s i advent – Jes 65, 17-19
Oppstryn 11:00 Gudsteneste
Utvik 11:00 Gudsteneste
Grendahuset Randabygd 12:00 Guds-
teneste og julemesse

10. desember; laurdag
Loen 16:30 Katolsk messe

11. desember; 3. s i advent – Jes, 40, 1-5
Nedstryn 11:00 Gudsteneste ved Harald Runde
Innvik 16:00 Julekonsert.
Utvik 18:00 Julekonsert
Hornindal 16:00 Julekonsert

14. desember; onsdag
Nedstryn 20:00 Konsert ved Lostrupane

15. desember; torsdag
Olden 20:00 Konsert ved Lostrupane

18. desember; 4. s i advent – Mika 5, 1-4a
Ljosheim 11:00 Førjulgudsteneste ved Kjetil Netland
Olden 16:00 Julekonsert
Nedstryn 20:00 Julekonsert

19. desember; måndag
Nedstryn 10:00 Barnehagesamling

20. desember; tysdag
Nedstryn 09:45 Skulegudsteneste for Tonning skule
Nedstryn 11:30 Skulegudsteneste for Stryn ungdomsskule

24. desember; Julaftan – Jes 9, 1a. 2. 6-7
Hornindal omsorgsenter 11:00 Julafta-
samling ved Jon Ytrehorn. Ope for alle.

Randabygd 13:00 Gudsteneste
Loen 14:30 Gudsteneste
Olden 14:30 Lekmannsgudsteneste
Utvik 14:30 Gudsteneste
Nordsida 15:00 Gudsteneste
Innvik 16:00 Gudsteneste
Nedstryn 16:15 Gudsteneste

25. desember; Juledag – Ordsp 8, 1-2, 22-31
Loen 08:30 Katolsk messe
Nedstryn 11:00 Høgtidsgudsteneste
Olden 12:00 Høgtidsgudsteneste
Hornindal 12:00 Høgtidsgudsteneste
Oppstryn 13:00 Høgtidsgudsteneste

26. desember; 2. juledag – Salme 86, 11-17
Loen 11:00 Gudsteneste
Innvik fjordhotell, Misjonsheimen 11:00
Gudsteneste
Nordsida 11:00 Gudsteneste
Nedstryn 20:00 Ung messe

31. desember; Nyårsafta – Jer 29, 10-14
Hornindal 15:00 Gudsteneste ved Jon Ytre-
horn

2012
01. januar; Nyårsdag (Jesu nammedag) – Matt 1, 20b-21
Nedstryn 11:00 Gudsteneste
Utvik 12:00 Gudsteneste

07. januar; laurdag
Loen 16:30 Katolsk messe

08. januar; Kristi openberring – Luk 2, 40-52
Loen 11:00 Gudsteneste
Innvik 11:00 Gudsteneste
Nordsida 11:00 Gudsteneste

13. januar; fredag
Oppstryn grendahus 20:00 Årsfest og basar

15. januar; 2. s i openberringstida – Mark 1, 3-11
Olden 14:00 Felles gudsteneste for heile Indre Nordfjord. Med Tor W. Aas-
musikk.

22. januar; 3. s i openberringstida – Joh 4, 4-26
Nedstryn 11:00 Gudsteneste ved Gunnar Skrede

Utvik 11:00 Gudsteneste
Loen 14:30 Katolsk messe
Omsorgsenteret, Hornindal 16:00 Guds-
teneste ved Gunnar Skrede. Ope for alle

29. janaur; 4. s i openberringstida – Joh 9, 1-7 35b-38
Oppstryn 11:00 Gudsteneste
Randabygd 11:00 Gudsteneste
Innvik 16:00 Gudsteneste ved Gunnar Skrede
Betania, Stryn 19:00 Årsfest

05. februar; Såmannsundag – Mark 9, 26-34
Nedstryn 11:00 Gudsteneste med utdeling av Barnas kyrkjebok til alle born fødde i 2008
Utvik Kyrkjelydsfest
Nordsida 11:00 Gudsteneste ved Harald Runde
Loen 15:00 Felles katolsk / luthersk guds-
teneste. Ved Kjetil Netland og Darius Burasz.
Utdeling av Barnas kyrkjebok til born fødde i 2008.
Kyrkjelydsfest i bygdahuset etter guds-
tenesta.

11. februar; laurdag
Loen 16:30 Katolsk messe

12. februar; Kr forkl dag – Mark 9, 2-13
Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Utdeling av Barnas kyrkjebok til born fødde i 2008
Olden 11:00 Gudsteneste
Hornindal 11:00 Gudsteneste

19. februar; Fastelavns-sundag – Joh 12, 20-33
Nedstryn 11:00 Gudsteneste
Innvik 11:00 Gudsteneste
Randabygd Friluftsgudsteneste ved Kjetil Netland

26. februar; 1. s i fastetida – Matt 13, 24-30
Loen 11:00 Gudsteneste ved Gunnar Skrede
Utvik 11:00 Gudsteneste
Loen 14:30 Katolsk messe
Nordsida ettermiddag- / kveldsguds-
teneste



B Fulldistribusjon

Nytt barnekor i Hornindal

Laurdagsklubben SPRELL LEVANDE kombinerer søndagsskule og barnekor

I Hornindal har barnekoret lege nede ei tid i påvente av frivillige dirigentkrefter. Denne hausten valde vi å kombinere søndagsskulen med oppstarting av barnekor. Tiltaket fekk namnet "Laurdagsklubben SPRELL LEVANDE", og viste seg å vere vellukka. 20 born og mange foreldre møtte til første samling 20. oktober. Og stemninga var upåklageleg. Borna i alderen frå 4 år og oppover song av full hals og heile kroppen levde med.

Laurdagsklubben samlast på Kyrkjelydsstova om ettermiddagen kvar 3. veke. Opplegget er enkelt: Etter ei felles opning er det visuell bibelforteljing for alle. Deretter følgjer frukt og anna å bite i for store og små før flokken deler seg. Dei som ynskjer det går til korøving, resten blir med på aktivitetar knytt til teksten for dagen. Til slutt følgjer ei liturgisk avslutning.



Janne Elin Gausemel dirigerer barnekorgruppa. Kristina Tomasgard t.v.

Hoveddirigent for barnekoret er Kristina Tomasgard som har med seg Janne Elin Gausemel. Søndagsskuledelen vert leia av May Helen Lødemel Flaten og under- teikna. I tillegg deltek nokre års- og fjor- årskonfirmentar som hjelpeleiarar.

er velkomne til å bli med. Møt fram til neste Laurdagsklubb, den siste før jul: 3. desember kl. 15.30 på Kyrkjelydsstova!

Tekst og foto: Jon Ytrehorn

Ny medarbeidar og ny nettside

No bør alle sjå innom nettsida til kyrkja i Stryn og Hornindal, <http://stryn.kyrkja.no/> Her poppar



det opp nyhende to dagar i veka. Kyrkje- kontoret har nemleg fått ein ny medarbeidar, som har nettsida som sitt arbeidsområde. Kato Nesje tok til i jobben 1.

nov, og han har alt sett tydelege spor etter seg. Vi er svært glade for at Kato tok på seg denne oppgåva, då nettsida vår har vore ein noko nedprioritert kapittel. No skal Kato jobbe med dette kvar måndag og fredag, og har du saker og bilete som du vil skal vere med, så kan du sende det på mail til kyrkjekontoret, henny.koppen@stryn.kommune.no.

Tekst: Henny Koppen. Foto: Privat



Kirkens SOS

LIVET ER VERDT A SNAKKE OM!

Vil du bli frivillig medarbeidar på Kirkens SOS?

Vi søker "vanlege menneske" med interesse for sine medmenneske og evne til å lytte.

Innføringskurs starter i Førde i februar/mars 2012.

Kurset er gratis og omfattar undervisning om samtalemetodikk og krisehandtering.

Interessert?

Kontakt: Kirkens SOS i Bjørgvin, tlf 55 32 58 45 / mob 941 83 654

Epost: bjorgvin@kirkens-sos.no

Mer informasjon på www.kirkens-sos.no/bjorgvin

Neste nummer vert distribuert i posten ca. 10. mars 2012. Redaktør for det er Tore Bøe. Stoff kan sendast på e-post til post@kyrkjeklokka.no innan 20. februar.